



Arvid Alver  
Hodnesdalsvegen 50  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2962 - 18/29761

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.09.2018

## Stadfesting av motteke søknad med trong for tilleggsopplysning - gbrnr 195/4 Leiknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Som vedlegg til dette skrivet ligg søknadsblankett for frådelig/arealoverføring. Vi ber om at denne vert nytta. Det er trong for opplysning om kva eigedom arealet skal overførast frå.
2. Slik det kan sjå ut skal arealet overførast til ei av bustadtomtane. Arealet er i kommuneplanen si arealdel sett av til LNF-føremål og det er difor trong til å søkje dispensasjon i frå dette. Søknad om dispensasjon må også nabovarslast. Elles sjå dispensasjonsveileder som ligg som vedlegg til dette brevet.
3. Som vedlegg ligg kartutsnitt over området. Vi ber om at omsøkte areal vert innteikna på vedlagte kart.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **26.10.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skjema deling, arealoverføring mm  
dispensasjon  
gbnr1954

**Mottakarar:**

Arvid Alver

Hodnesdalsvegen 5915  
50

HJELMÅS

Jibo Consult John Ingvald Økland

Pb. 29 5358

FJELL